

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar ref.:

Dato: 18.06.2025

Årøy 1 kraftverk i Sogndal kommune – melding om konsesjonsavklaring

Sognekraft Produksjon AS har planar om å bygge nytt kraftverk til erstatning for Årøy 1 kraftverk som kom i drift i 1944. Ein vil oppgradere eksisterande dam i Årøyelva, bygge nytt inntak, utnytte eksisterande tilløpstunnel, bygge ny nedgraven røyrgate og ny kraftstasjon. Effektinstallasjonen vert auka frå 3,7 til 9,9 MW, noko som medfører ein auke i maksimal slukeevne frå dagens 3,5 m³/s til om lag 9,0 m³/s.

Dagens anlegg treng oppgradering og har dårleg verknadsgrad. Ny stasjon vil utnytte vassressursen betre med høgare verknadsgrad og vil kunne utnytte ein større del av tilsiget i flaumperiodar. Ein har registrert at tilsiget har auka vesentleg i høve til Nevina sin middellavrenning for måleperioden 1961 – 1990 som gir ei årleg avrenning på 950,7 mill. m³. Våre målingar syner at gjennomsnittleg årleg tilsig frå 2011 er på 1.106 mill. m³ og trenden er stigande. Dei siste åra er det registrert 3 relativt store flaumperiodar, 2014, 2018 og 2020 som medførte skadar på hus på Veitastrand. Gjennomsnittleg flaumtap sidan 2010 er 30,3 GWh. Ny kraftstasjon vil kunne redusere flaumtoppane noko. Klimarapportar tilseier at årleg middeltilsig vil auke og det blir villare, våtare og varmare. Det er difor viktig å få på plass ei total auke i slukeevna i Årøy 1 og 2.

Eit nytt kraftverk, med større slukeevne til erstatning for Årøy 1, vil gi større fleksibilitet i periodar med lite magasin og tilsig. Overgangen ved stans av Årøy 2, som på grunn av den tekniske installasjonen bør gå på minimum 9 MW, vert mjukare. Med ein slik større installasjon i Årøy 1 vil det verte mogleg å endre vassføringa i Årøyelva jamnare på låge vassføringar, noko som er ein fordel for Årøylaksen.

Vedlagte melding er oppdatert med meir hydrologisk grunnlag etter spørsmål frå NVE, samt registreringar av naturtypar som er registrert etter søknaden blei sendt NVE første gong i juni 2023.

På grunnlag av meldinga ber ein om konsesjonsavklaring.

Med helsing
Sognekraft Produksjon AS

Erlend Bårgard
Dagleg leiar

Vedlegg: Melding om rehabilitering og utviding av Årøy 1 kraftverk, rev01: 16.06.25